

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Reinheimen**
Møtested: Teams, Digitalt møte
Dato: 15.01.2021
Tidspunkt: 09:00 – 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til 468 97 683. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2021	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/2021	Orienteringar		
ST 3/2021	Referatsaker		
ST 4/2021	Delegerte saker		
DS 1/2021	Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2024 - snødekt mark - Saustad - Bergebue - Nørdre Grønvassbue - Stolvassbue - Storhøtjønnebue / Skurveosbue - Lesja fjellstyre		2020/13338
DS 2/2021	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2021- motorbåt - Leirungsvatnet - Stein Magne Lundemo		2020/12411
DS 3/2021	Reinheimen NP - Ulvådalsvatnet - dispensasjon - motorferdsel 2020 - motorbåt - fiske - Pål Henrik Seyffarth		2020/12901
DS 4/2021	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - bar mark - snødekt mark - motorbåt - Småstølen - Odd Erik Hjellev		2020/12789
DS 5/2021	Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - snødekt mark - tilsyn og transport av varer - Trollstølen - Lyder Kristian - Jahn Terje - Bjørn Kåre Alnes		2020/13782
DS 6/2021	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark -hytte i Brøstdalen- Bjørn Kåre Alnes		2020/13783
DS 7/2021	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark - 2021 - 2025 - transport av ved / brensel / proviant - Lordalen - gbfnr 157/1/10 - Anne Nafstad Lyftingsmo		2020/11623
DS 8/2021	Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark - Tertitt Strand		2020/11135
ST 5/2021	Klage på vedtak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11)		2020/14012

ST 1/2021 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 2/2021 Orienteringar

ST 3/2021 Referatsaker

ST 4/2021 Delegerte saker

DS 1/2021 Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - 2024 - snødekt mark - Saustad - Bergebue - Nørdre Grønvassbue - Sturvassbue - Storhøtjønnebue / Skurveosbue - Lesja fjellstyre 2020/13338

DS 2/2021 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel 2021- motorbåt - Leirungsvatnet - Stein Magne Lundemo 2020/12411

DS 3/2021 Reinheimen NP - Ulvådalsvatnet - dispensasjon - motorferdsel 2020 - motorbåt - fiske - Pål Henrik Seyffarth 2020/12901

DS 4/2021 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - bar mark - snødekt mark - motorbåt - Småstølen - Odd Erik Hjelle 2020/12789

DS 5/2021 Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - barmark - snødekt mark - tilsyn og transport av varer - Trollstølen - Lyder Kristian - Jahn Terje - Bjørn Kåre Alnes 2020/13782

DS 6/2021 Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 - snødekt mark -hytte i Brøstdalen- Bjørn Kåre Alnes 2020/13783

**DS 7/2021 Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - snødekt mark -
2021 - 2025 - transport av ved / brensel / proviant - Lordalen - gbfnr
157/1/10 - Anne Nafstad Lyftingsmo 2020/11623**

**DS 8/2021 Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2020 - 2025 -
snødekt mark - Tertitt Strand 2020/11135**



Arkivsaksnummer: 2020/14012-5

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 06.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	5/2021	15.01.2021

Klage på vedtak - Reinheimen NP - Lordalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2021 - snødekt mark - UK Royal Marines - Mountain Leader Training Course - Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11)

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek ikkje klaga frå Møre og Fjordane Heimeverndistrikt 11 (HV11) til følge. Det er ingen nye moment i klaga som gir grunnlag for at Nasjonalparkstyret for Reinheimen skal endre på Arbeidsutvalet (AU) – Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak i sak 2/2020, om avslag på søknad om motorferdsel med snøscootrar inn til Grønbue i Reinheimen nasjonalpark, og til Nysetra i Lordalen landskapsvernområde.

Klaga med alle saksdokument vert sendt miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Tilsynsrapport, SNO 15.09.20
- Søknad om motorferdsel i Lordalen lvo og Reinheimen np, frå Møre og Fjordane heimvernsdistrikt (HV-11), 04.11.20.
- Avslag på søknad – vedtak i Arbeidsutvalet (AU) -Reinheimen, 09.12.20, sak 2/2020
- Klage på avslag i sak 20/2020, frå Møre og Fjordane Heimvernsdistrikt 11 (HV11), 24.12.2020

Saksopplysningar

Heimelsgrunnlag

Klaga er vurdert i medhald av:

- Forskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forskrift for Lordalen landskapsvernområde, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2006

- Forvaltningslova

Klagefrist og klagerett

Klaga frå HV11 er datert 24.12.2020. Vedtaket i AU ble ekspedert på e-post til HV11 10.12.20, og klaga er sendt forvaltningsorganet, Nasjonalparkstyret for Reinheimen, innan klagefristen på 3 veker, jf. fvl. § 29.

Avgjersla i saka rettar seg mot søkjar HV11 som har rettsleg klageinteresse og klagerett jf. fvl. § 2 første ledd, bokstav e).

Forvaltningsmyndigheita skal vurdere om klaga gir grunnlag for å endre eller oppheve eiga vedtak, jf. Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter, M106-2014, pkt. 10.9 (Saksforberedelse i klagesak).

Klage på vedtak i sak 2/2020, frå HV11:

HV11 klager på avslag om motorferdsel med 5 snøscootrar, til Nysetra og Grønbugle, for å ha personell, samband og utstyr, som understøtting under skimarsj mellom Bismo og Lesjaskog, 1. til 12.februar 2021.

AU - Nasjonalparkstyret for Reinheimen behandla søknaden 09.12.20, saksutgreiing: [http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen dok/AU%202020/Innkalling%20-%20AU%2009.12.20.pdf?epslanguage](http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Reinheimen_dok/AU%202020/Innkalling%20-%20AU%2009.12.20.pdf?epslanguage), og gjorde slik samrøystes vedtak:

«Med heimel i verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, § 3, pkt. 6.3, a) og Lordalen landskapsvernområde, § 3 pkt 5.3, a), får Møre og Fjordane heimevernsdistrikt (HV-11) avslag på søknad om motorferdsel med snøscooterar inn til Grønbugle i Reinheimen og til Nysetra, i Lordalen.

Motorisert ferdsl i samband med planlagt øving for Forsvaret er vurdert strengt i forvaltningsplan for Reinheimen med tilhøyrande landskapsvernområde. I prinsippet skal planlagde øvingsaktivitetar som krev motorisert ferdsl kunne leggast utanfor verneområda. Vernereglane, verneforskrift og forvaltningsplan for Reinheimen, er utforma slik at planlagt aktivitet i regi av forsvaret ikkje er definert som militær operativ verksemd. Operativ verksemd gjeld følgje av akutte behov og gjevne situasjonar, og ikkje planlagde øvingar, jf. brev frå KLD 03.04.19.

Vinterøving i regi av Forsvaret er ein ny aktivitet i verneområdet, og vil kunne skape uheldig presedens gjennom enkeltdispensasjonar til liknande søknader om motorferdsel i framtida. Presedensverknad og omsynet til naturmangfaldlova § 10, om samla belastning, tilseier at ein ikkje kan opne opp for framtidig vinterøving i Reinheimen nasjonalpark, der villrein har sitt leveområde. Etablering av vinterøving som krev motorferdsel, vil vera til ulempe for verneverdiane og i strid med verneføremålet.»

Vurdering

Avslaget er knytt til motorferdsel og bruk av 5 snøscootrar inn til Nysetra i Lordalen lvo og til Grønbugle i Reinheimen np, under vinterøvinga. Det er presisert i saksutgreiinga til møtet 09.12.20, at sjølv skimarsjen kan definierast som «organisert ferdsl som ikkje skader naturmiljøet», og kan gjennomførast som planlagt så lenge all understøtting under øvinga er stasjonert utanfor verneområda.

HV11 skriv følgjande i klaga:

Årets søknad var basert på erfaringer fra i fjor, samt tilbakemeldinger og dialog med både SNO og nasjonalparkforvaltere, og med det som bakteppe forsøkt endret med tanke på minst mulig påvirkning og forstyrrelser for villreinen og ift andre miljøvernensyn i nasjonalparken og nærliggende landskapsvernområder. Derfor er søknaden også noenlunde lik på enkelte av de traseene en fikk tillatelse på i fjor, og det oppfattes derfor noe underlig at den skutertransport i de traseer en fikk tillatelser på da ikke blir innvilget for neste års aktivitet.

Det er behørig nevnt i søknaden at hovedaktiviteten gjennomføres med ski eller truger, overnattinger i felt

skjer ved bruk av telt eller snøhule og at dette dreier seg om et spesialkurs for 15 kurselever som opererer i mindre grupper av 5 mann. Dette er altså ikke en militær øvelse i ordinær forstand og behovet for motorisert ferdsel er kun tiltenkt for å ivareta kurselevenes sikkerhet og evne til måloppnåelse av kursets hensikt og intensjon. De opererer alene i små grupper basert på å kunne klare seg selv under ekstreme forhold. De er godt utstyrt, men har i utgangspunktet kun med seg det de kan bære eller dra med seg i pulk. For å kunne ivareta sikkerhetskravene til slik aktivitet i Forsvaret er det avgjørende å ha sambandskontakt med soldatene og muligheter for assistanse ved akutte hendelser. Dette er forsøkt ivaretatt ved understøttelsespunkter som releposisjoner fortrinnsvis lagt utenfor verneområdene, men ikke gjennomførbart for alle deler av de ulike traseene. Etterforsyning av proviant og utstyr, spesielt batteri til radioene er planlagt ved utsetting av depoter under de ulike skimarsjene. I tillegg er det tatt ut enkelte oppklaringsmål (fjellstyrehytter) som er ønsket bemannet for å være et reelt øvingsmål, samt være en form for sikkerhetsbase ifm med eventuelle uønskede akutte hendelser.

Det går fram av klaga at hensynet til soldatenes sikkerhet er viktig:

Hensynet til soldatenes sikkerhet er det altoverskyggende hensynet i vår argumentasjon og det er derfor avgjørende at det er personell og materiell tilstede for evakuering i tilstrekkelig nærhet til marsjrutene for å kunne håndtere umiddelbare behov for assistanse. Det å scramble sivil redningstjeneste for dette formålet er etter vår mening unødig bruk av sivile ressurser. Det vil uansett bli britene selv som må stå for evakueringen hvis dette skal gå gjennom normal redningsprosedyre. Det er til opplysning opprettet direktekontakt med Luftambulansen på Dombås mtp assistanse ved fare for liv og helse.

Det er ingen nye opplysninger i saka, eller tungtvegande behov, som gir grunnlag for å fråvike vernereglane og endre AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen sitt vedtak, 09.12.20. I forvaltningsplan er motorisert ferdsel i samband med planlagt øving for Forsvaret innafor verneområdet, vurdert strengt. I prinsippet skal planlagde øvingsaktivitetar som krev motorisert ferdsel, leggjast utanfor verneområda. Vernereglane, verneforskrift og forvaltningsplan for Reinheimen, er utforma slik at planlagt aktivitet i regi av forsvaret ikkje er definert som militær operativ verksemd. Operativ verksemd gjeld følgje av akutte behov og gjevne situasjonar, og ikkje planlagde øvingar, jf. presisering i brev frå KLD 03.04.19.

Vinterøving i regi av Forsvaret er ein ny aktivitet i verneområdet, og vil kunne skape uheldig presedens gjennom enkeltdispensasjonar til liknande søknader om motorferdsel i framtida. Forsvaret sin aktivitet kjem i tillegg til motorferdsel som det i dag er aksept for å gje dispensasjon til etter vernereglane. Omsynet til den samla belastning i verneområdet der villrein har sitt leveområde tilseier at det ikkje kan opne for framtidig vinterøving i Reinheimen nasjonalpark, når det krev motorferdsel, etablering av relepunkt (samband) og forsyningspunkt med utsty og proviant inne i verneområdet. Motorferdsel i samband med Forsvaret si vinterøving i beiteområdet til villrein, vil vera til ulempe for verneverdiane og i strid med verneføremålet.

Med bakgrunn i vernereglane og ei vurdering av samla påverknad av verneverdiar og vil nasjonalparkforvaltar tilrå at nasjonalparkstyret held fast på vedtak i AU-Nasjonalparkstyret for Reinheimen, sak 2/2020, 09.12.20.